

» 6 Barn, familie og helse

Drift

	6 Barn, Familie, Helse	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
Teneste	Alle tal i heile 1000	2019	2019	2019	2018
2111	STYRKA TILBOD TIL FØRSKOLEBARN	1 505 187	1 522 008	2 213 358	1 670 637
2120	GRUNNSKOLE	3 024 889	2 722 756	2 027 406	2 581 568
2130	VAKSENOPPLÆRING	302 888	268 492	271 492	794 664
2320	FØREBYGGING HELSESTASJONS- OG SKULEHELSETENESTE	5 373 163	6 315 824	5 915 706	5 887 645
2330	FOREBYGGANDE ARBEID, HELSE- OG SOSIAL	755 171	707 000	707 000	670 408
2340	AKTIVISERING AV ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA	20 172	18 000	18 000	3 314 401
2341	PSYKIATRISK DAGTILBOD	-4	-	-	-
2410	DIAGNOSE OG BEHANDLING	11 901 807		8 375 943	9 187 805
2411	FYSIO-/ERGOTERAPITENESTE	4 614 007	4 352 504	3 823 240	4 746 069
2412	PSYKISK HELSEVERN	774 859	1 480 717	1 709 717	1 562 306
2413	FRISKLIVSSENTRAL	-5 255	94 855	94 855	30 000
2420	SOSIAL RÅDGJEVING OG VEILEDNING	-88 182	-72 000	-72 000	-110 586
2440	BARNEVERN TENESTE	5 013 335	4 621 288	4 880 985	4 640 271
2510	BARNEVERN TILTAK I FAMILIEN	1 926 012	1 628 146	1 185 146	1 625 564
2520	BARNEVERN TILTAK UTANFOR FAMILIEN	5 173 233	6 333 533	6 817 533	7 417 714
T O T A L T		40 291 281	39 082 066	37 968 381	44 018 466

Økonomi

Rekneskapet syner eit samla meirforbruk på kr 1,2 mill for tenestene innan ramme 6. Meirforbruket ligg til legetenesta med 2,8 mill.kr. Helsestasjonstenestene og psykisk helsetenester hadde samla eit mindreforbruk på om lag 1,7 mill. Dei andre tenestene gjekk om lag i balanse. Kvardagsrehabiliteringsteamet og psykisk helseteam for barn og unge var vedtatt som faste tenester, men hadde ikkje fullt ut budsjettdekking, og vart redusert med eitt årsverk i kvart team. Legetenesta hadde eit stort meirforbruk i 2019. Dette er mellom anna knytt til naudsynt bruk av vikarbyrå, for lavt budsjett til kjøp av tenester privat og andre kommunar og omstillingsarbeidet med overgang frå privat til kommunal drift av legekontor.

Mål/resultat

Utfordringar/mål	kva er gjort	Resultat/effekt
Utarbeide kompetanseplan for alle tenesteområda for å nytte kompetanse meir effektivt	Arbeidet er starta.	Målet er ikkje nådd. Arbeid er undervegs. Eininga måtte prioritere ned dette arbeidet, grunna tiltak for å få ned meirforbruket.
Omstilling til meir digitalisering av tenestene for meir effektiv drift. Digitale sjølvhjelpsverktøy må etablerast	Prosjektleiing 50%, tilsett i fysio/ergo.avd. Hjelpemiddellageret og velferdsteknikar er også i fysio/ergo.avd. Har arbeidd godt gjennom heile året for å rulle ut nye verktøy innan omsorg, som smarte dører, digitale tryggleiksalarmar, digihelse, pasientvarslingssystem, tryggleiksalarmar til tilsette i psykiatrien, GPS, digitalt tilsyn. Sjølvhjelpsverktøy innan rask psykisk helsehjelp er på plass. Vi arbeider vidare med andre løysingar.	Målet er nådd.

Utfordringar/mål	kva er gjort	Resultat/effekt
Det skal ikkje vere fristbrot i saksbehandlinga i barnevernet	Det vart arbeidd godt gjennom heile året. Grunna meirforbruk i eininga, har vi halde stilling vakant. Dette påverker sjølv sagt arbeidet i barnevernet.	Målet ikkje nådd. 4,7% fristbrot.
Kapasiteten i fastlegeordninga skal vere tilstrekkeleg til å sikre alle innbyggjarane fastlege gjennom heile 2019	Utfordrande å skaffe fastlege i vakant stilling, måtte nytte vikarbyrå i 4 veker. Men innbyggjarane har hatt fastlege gjennom heile året. Sak om oppretting av ny legeheimel vart godkjent i kommunestyret feb-19. Med dette sikrar vi vidare tilstrekkeleg fastlege til innbyggjarane i Giske kommune.	Målet er nådd.
HMS-arbeid med NED-satsinga for å nå målet om å halde sjukefråværet under 5%.	Eininga har arbeidd kontinuerleg med tiltak gjennom heile året. Oppfølging og involvering av dei tilsette, særleg knytt til rolleklarheit og kompetanse. Har vore krevjande i ei tid med omstilling og kutt i tal årsverk og kutt i tenestene.	Målet ikkje nådd. Sjukefråvær 6,9%
Rekruttering av tilsette med naudsynt kompetanse for å løyse stadig fleire oppgåver som blir overført frå spesialisthelsetenesta til kommunalt nivå	Vi har lukkast å rekruttere naudsynt kompetanse i dei stillingane vi har hatt moglegheit å rekruttere i.	Målet er nådd
Auke tal på barn og unge med behov for omfattande helse- og omsorgstenester	Det vart sett ned ei arbeidsgruppe som leverte rapport "Bu- og tenestetilbod til barn og unge med særlege behov". Denne vart handsama av kommunestyret des-19. Tilrådingar frå arbeidsgruppa. Det vert arbeidd vidare med dette. Giske kommune samarbeider god på tvers av einingar og avdelingar. Vi kan bli endå betre. Kommunen har TALK-prosjekt og prosjekt Betre tverrfagleg innsats. Det vert arbeidd godt i mange tenester omkring desse barna/unge.	Det vert arbeidd vidare med dette, har stort fokus i alle tenester.
Levere lovpålagte oppgåver innan budsjettramma		Målet er ikkje nådd. Meirforbruk i 2019 var kr 1,2 mill.